

Om to nyttige snyltekvepsar i hus.

På Sunnmøre, på den norske vestkysten, midt mellom Bergen og Trondheim, er braconiden *Spathius exarator* L. ein sers effektiv snyltar på *Anobium punctatum* De Geer og *Grynobius planus* F., som begge er treborande skadedyr i hus.

Ogso chalcididen *Trigonoderus tristis* Walk. er ein god anobiejeger i lune, fuktige hus der vest.

Alle utviklings-steg og biologiske karakterdrag hos desse kvepsane var fotograferte og vart framviste som lysbilder.

Fotoserien av *Trigonoderus* som larve på verten, som puppe i anobiegangen og som imago i det fri, var tatt av same individ, som soleis viste seg å klare det sterke fotolys under stereomikroskop ein gong for vika dei 85 dagane kvepsen levde.

Ved andre lysbilder viste foredragshaldaren ved fotos og tekneseriar morfologiske og funksjonelle drag ved leggebrotten, som i heile si lengd vert saga inn i harde veden.

Ved enkel metode var det lukkast å snitte den 3 mm. lange brodden hos *Trigonoderus*, den 8–10 mm. lange brodden hos *Spathius* og til samanlikning den 15 mm. lange leggebrotten hos ichneumoniden *Ephialtes extensor* L. som ogso fins i hus på Sunnmøre.

Serleg tversnitt-seriane viste både likskap og divergens, serleg i dei langsgåande kanalane i broddrenna, i stikkbørstene og i egg-leggekanalen mellom børstene. Dei to kanalane i renna, som i spissen går over til ein, og kanalen i kvar stikkbørste endar blindt mot broddspissen og er fylte med sekret.

Det hadde lukkast foredragshaldaren å finne sekret-vegen frå sekretoriske kjertlar ved broddbasis til proximal ende av broddkanalane, men kunde i lang tid ikkje finne korleis sekretet kom ut av kanalane.

Først i år oppdaga han at frå dei langsgåande renne- og stikkbørstekanalane gjekk sers fine radiærkanalar ut til nærsagt alle punkt på broddoverflata og at dette la eit sekretlag mellom brodden og gangveggen i veden. Friksjonen er på denne måte letta når brodden vert saga inn og når brodden etter boring og egglegging vert dregen ut.

Lengdesnitt av broddrenna viste karakteristisk plasing av radiærkanalane, ulik for kvar av dei 3 kvepseartane.

I anslutning till föredraget yttrade sig cand. real. Ragnhild Sundby och föredragshållaren.

Konservator Astrid Löken höll härefter ett föredrag, betitlat

Om oppdrett av solitare bier i kunstig klima.

Ove Meidell († 1942) arbeidet 1936–1940 med biologiske og ökologiske undersøkelser av apider etter en metodikk han selv eksperimenterte ut.